# REKNESKAPSÅRET 2014

## Sogn og Fjordane Teater L/L
## Org. Nr. 929 181 557

# Årsmelding – Årsrekneskap - Revisjonsmelding



Kjærleikens ferjereiser. F.v Ståle Ytterli, Kristina Søetorp, Fredrik Høstaker, Gunnhild Hjertaas, Kyrre Eikås Ottersen, Linda Øvrebø, Lars Sørbø, Katrine L. Mackenzie, Terje Tjøme Mossige.
Foto: Dieter Schneider

## ÅRSMELDING 2014

Kunstnarisk var 2014 eit godt år for Sogn og Fjordane Teater (SoFt), samstundes som besøkstalet òg var godt. 17 054 menneske såg ei av teatret sine framsyningar i 2014. Eit tilskodartal på denne storleiken er svært godt i eit fylke med eit folketal på ca. 108 000.

Teatret har vore involvert i sju produksjonar. Fem var eigenproduksjonar: "Den vesle prinsen" av Antoine de Saint-Exupéry (produsert i 2006 og spelt på nytt i Den kulturelle skulesekken(DKS)), "Ivar Medaas - Dar kjem Dampen" av Claus Sellevoll og Arvid Ones, "Norge.Nett.No" av Tommy Sørbø, "Kjærleikens ferjereiser" av Edvard Hoem og "Skilte menn rir igjen" av Yngve Sundvor.

Ein av produksjonane vart til gjennom det årlege samarbeidet med Kinnaspelkomitéen; Kinnaspelet - "Songen ved det store djup" av Rolf Losnegård. Teatret mottok eit gjestespel frå Hordaland Teater: "Heksestrekar" etter ein idé av Ljudmil Nikolov. «Kjærleikens ferjereiser» vart spelt ved Hordaland Teater som turné i Hordaland, i tillegg vart tre framsyningar spelte ved Teatret Vårt i Molde.

I tillegg samproduserte teatret "Vaffelhjarte" av Maria Parr med Den Nationale Scene (DNS), ei framsyning som vart spelt 60 gonger på hovudscenen til DNS for 19 016 tilskodarar. Dette besøkstalet er ikkje rapportert som ein del av SoFt sitt publikumstal for 2014.

Totalt viste teatret 122 framsyningar i 2014. 14 framsyningar vart spelte i eigne lokale i Førde, resten på turné.

Teatret har arbeidd vidare med å utvikle og setje opp ny norsk dramatikk, og heile fire produksjonar var urpremièrar. Det var "Ivar Medaas - Dar kjem Dampen", "Norge.Nett.No", "Kjærleikens ferjereiser" og "Skilte menn rir igjen". Av desse produksjonane vart særleg "Kjærleikens ferjereiser" og "Ivar Medaas – Dar kjem Dampen" publikumsvinnarar, med eit høvesvis tilskodartal på 3 753 og 3 007.

SoFt har turnert alle produksjonane, og vi har nådd publikum over heile fylket. Teatret har i 2014 utvikla ein overordna strategi som er gjort kjend for organisasjonen og viktige interessentar som styret, eigarane og Kulturdepartementet. Strategien blir følgd opp av styret og leiargruppa ved SoFt.

## Eigedelar og miljø

Teatret leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset og lokale til overnatting for engasjert personale i Gamle Prestegarden, begge deler av Førde kommune. Teatret eig to leilegheiter, to lastebilar og ein varebil. Ved behov for fleire transportmiddel på turné, leiger teatret det. Anna teknisk utstyr i teatrets eige er i god stand. Det er ikkje meldt om skade på teatrets utstyr i 2014.

Som tidlegare har teatret halde fram med utleige og utlån av teknisk utstyr og kostyme til lag, organisasjonar og skular over heile fylket. Teatret har i all si verksemd som mål å ikkje ureine det ytre miljøet.

## Personale

Teatret hadde 18 fast tilsette samt 2 stillingar på åremål (dramaturg, skodespelar) pr. 31.12.14. Gjennom året var det engasjert frilans personale og vikarar, som til saman utgjorde 10 årsverk. Samla årsverk engasjert ved teatret i 2014 var 25,8.
2014 var Terje Lyngstad sitt 11. år som teatersjef. Terje Lyngstad sin åremålsperiode går ut 31.12.2015. Ny teatersjef er tilsett for åremålsperioden 2016 -2019 (les note 6 i rekneskapen).

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teatret er ei IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og er tilslutta AKAN (Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani).

Totalt sjukefråvær i 2014 var 398 dagar, dette svarar til ca 5,9 % av total arbeidstid i året. Det har ikkje vore meldt om alvorlege skader eller ulykker på personale i 2014.

SoFt har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 10,6 årsverk kvinner og 15,2 årsverk menn. Teatersjef og styreleiar er begge menn. Styret består av tre menn og to kvinner. Av varamedlemmene til styret er tre kvinner og to menn. Av kunstnarisk personale brukte teatret 4,14 kvinnelege og 5,76 mannlege årsverk i 2014.

## Økonomi

Årsresultatet for 2014 viser eit overskot på kr 892 058,-. Det var budsjettert med eit overskot på kr 157 496,- såleis er resultatet kr 734 562,- betre enn budsjettert.

Dette er i hovudsak på grunn av:

- billettinntekter høgare enn budsjettert
- personalkostnader høgare enn budsjettert
- materialkostnader lågare enn budsjettert
- driftskostnader lågare enn budsjettert

Resultatet i 2014 styrkjer teatret sin eigenkapital, slik at SoFt per 31.12.14 har ein eigenkapital på om lag kr 2,6 millionar. Teatret har ein eigenkapital som tåler naturlege svingingar i økonomien og uforutsette kostnader.
Samla driftsinntekter i 2014 var kr 28 472 958,- av dette er 10,1 % eigeninntekter. Teatret sine eigeninntekter 2013 var på 4,4 % og i 2012 5,3 %. Årsaka til auken i eigeninntekter skriv seg frå auka billettsal og samarbeid med Hordaland Teater om Kjærleikens Ferjereiser (sjå note 13). Teatret har tilfredsstillande likviditet.

## Vidare drift

Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Førde 5.mai 2015

Håkon Fimland
styreleiar

Iris Loftheim
styremedlem/nestleiar

Kristine Lie
styremedlem

Ola Tarjei Kroken
styremedlem

Kyrre Eikås Ottersen
styremedlem

Terje Lyngstad
teatersjef/dagleg leiar



**Repertoaret 2014**

**Ivar Medaas – Dar kjem dampen**
- ein kabaret om den folkekjære visesongaren Ivar Medaas
av Ragnar Hovland og Claus Sellevoll

Regi: Arvid Ones

Medverkande:
Annlaug Børsheim
Claus Sellevoll
Olav Stedje
Aage Vaksdal

Framsyningar: 19



**Norge.Nett.No**
- eit ellevilt talkshow av Tommy Sørbø

Regi: Bodil Kvamme

Scenografi: Åse Hegrenes

Kostymedesign: Else Elisabeth Lund

Maske: Julie Clark

Lysdesign: Arne Kambestad

Medverkande:
Oda Alisøy
Anne E. Kokkinn
Idun Losnegård
Kyrre Eikås Ottersen
Lars Sørbø

Framsyningar: 14

**Heksestrekar**
- eit barneteater utvikla av Ljudmil Nikolov

Regi: Trond Birkedal

Kostyme: Britt Koldal

Lyddesign: Mathias J. Grønsdal

Medverkande:
Jan Holden og Ljudmil Nikolov

Song, stemme og piano:
Ragnhild Gudbrandsen

Framsyningar: 21




**Kinnaspelet**
Songen ved det store djup
av Rolf Losnegård
Komponist: Per Janke Jørgensen

Regi: Kristin Ryg Helgebostad og Miriam Prestøy Lie

Skodespelarar:
Oda Alisøy
Idun Losnegård
Kyrre Eikås Ottersen
Lars Berge
Lars Sørbø

Musikarar:
Oddmar Amundsen
Adele Halten
Frank Jakobsen
Rolf Prestø
Aage Vaksdal

Framsyningar: 4

**Kjærleikens ferjereiser**
- ein av dei meste sentrale nynorskromanane som musikal
av Edvard Hoem

Komponist:
Henning Sommero

Regi:
Yngve Sundvor

Scenorgafi:
Bodil Bay Schultz

Koreografi:
Ingeleiv Berstad

Lysdesign:
Reidar Andreas Richardsen

Medverkande:
Fredrik Høstaker
Ståle Ytterli
Katrine Lunde Mackenzie
Terje Tjøme Mossige
Kyrre Eikås Ottersen
Kristina Søetorp
Linda Øvrebø
Gunnhild Hjertaas
Lars Sørbø

Framsyningar: 25




**Skilte menn rir igjen**
- ein krimkomedie
av Yngve Sundvor

Medverkande:
Roger Hilleren
Fredrik Steen

Framsyningar: 16

**Publikumstal 2014**

| | Totalt inkl. eigen sal | | | Totalt av dette på turné | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Framsyningar** | **Tal** | **Pub.** | **Gje.snitt** | **Tal** | **Publ.** | **Gj.snitt** |
| Ivar Medaas – Dar kjem dampen | 19 | 3007 | 158 | 19 | 3007 | 158 |
| Norge.Nett.No | 14 | 693 | 52 | 8 | 381 | 48 |
| Heksestrekar | 21 | 1243 | 41 | 18 | 1119 | 62 |
| Kinnaspelet | 4 | 2400 | 600 | 4 | 2400 | 600 |
| Kjærleikens ferjereiser | 25 | 3753 | 87 | 20 | 3316 | 166 |
| Skilte menn rir igjen | 16 | 736 | | 16 | 736 | 46 |
| Den vesle prinsen | 23 | 5222 | | 23 | 5222 | |
| **Totalt** | **122** | **17054** | | **108** | **16181** | |

**Sogn og Fjordane Teater L/L**

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

| | *Note* | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| Billett og programsal | | 1 368 869 | 799 140 |
| Anna salsinntekt | 13 | 1 514 837 | 341 649 |
| Driftstilskot | 7 | 25 589 252 | 24 724 286 |
| Refusjon frå samarbeidspartnarar | 7 | 0 | 136 320 |
| **Sum driftsinntekter** | | 28 472 958 | 26 001 394 |
| | | | |
| Materialkostnad | | 623 260 | 649 483 |
| Kostnad turne/oppsøkjande verksemd | | 1 491 383 | 1 194 306 |
| Kostnad vedk. lokale | 10 | 1 503 535 | 1 539 685 |
| Lønskostnad | 5, 6 | 20 098 534 | 18 315 215 |
| Avskriving | 1 | 576 259 | 527 395 |
| Annen driftskostnad | 6 | 3 356 519 | 3 509 589 |
| **Sum driftskostnader** | | 27 649 490 | 25 735 673 |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | 823 468 | 265 721 |
| | | | |
| Renteinntekt | | 82 739 | 79 168 |
| Rentekostnad | | -14 149 | -12 741 |
| | | | |
| **Årsresultat** | | 892 058 | 332 148 |
| | | | |
| Disponering av årsresultatet | | | |
| Overført til annan eigenkapital | | 892 058 | 332 148 |
| **Sum disponert** | | 892 058 | 332 148 |

**Sogn og Fjordane Teater L/L**
BALANSE PR. 31.12.

| | Note | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| ***Varige driftsmiddel*** | | | |
| Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom | 1, 12 | 467 500 | 467 500 |
| Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l. | 1 | 2 351 106 | 2 200 082 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | 2 818 606 | 2 667 582 |
| **Sum anleggsmiddel** | | 2 818 606 | 2 667 582 |
| Omløpsmiddel | | | |
| ***Fordringar*** | | | |
| Kundefordringar | 11 | 100 040 | 147 056 |
| Andre fordringar | 8 | 974 677 | 164 443 |
| **Sum fordringar** | | 1 074 717 | 311 499 |
| Bankinnskot, kontantar o.l. | 2 | 2 845 275 | 2 044 139 |
| **Sum omløpsmiddel** | | 3 919 992 | 2 355 638 |
| **SUM EIGEDELAR** | | 6 738 598 | 5 023 220 |

**Sogn og Fjordane Teater L/L**
BALANSE PR. 31.12.

| | *Note* | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| EIGENKAPITAL | | | |
| ***Innskoten eigenkapital*** | | | |
| Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000) | 3, 4 | 100 000 | 100 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | 100 000 | 100 000 |
| ***Opptjent eigenkapital*** | | | |
| Annan eigenkapital | 3 | 2 544 257 | 1 652 199 |
| **Sum opptjent eigenkapital** | | 2 544 257 | 1 652 199 |
| **Sum eigenkapital** | 3 | 2 644 257 | 1 752 199 |
| GJELD | | | |
| ***Kortsiktig gjeld*** | | | |
| Leverandørgjeld | | 1 027 508 | 575 453 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 1 159 155 | 1 060 987 |
| Anna kortsiktig gjeld | 6, 9 | 1 907 678 | 1 634 582 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | 4 094 341 | 3 271 021 |
| **Sum gjeld** | | 4 094 341 | 3 271 021 |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | 6 738 598 | 5 023 220 |

Førde, 05.05.2015
Styret i Sogn og Fjordane Teater L/L

| | | |
|---|---|---|
| Håkon Firnland<br>Styreleiar | Iris Loftheim<br>Styremedlem/nestleiar | Kristine Lie<br>Styremedlem |
| Ole Tarjei Kroken<br>Styremedlem | Terje Lyngstad<br>Teatersjef/ dagleg leiar | Kyrre Eikås Ottersen<br>Styremedlem |

## Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

**Salsinntekter**
Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert.

**Klassifisering og vurdering av balansepostar**
Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

**Varige driftsmiddel**
Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggast til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

**Fordringar**
Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.
I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

**Pensjonar**
Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført før den tilsette tek ut pensjon.
Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til kollektiv pensjonsordning er ikkje balanseført.

**Skatt**
Teatret er ei ikkje skattepliktig verksemd.

## Note 1 Varige driftsmiddel

| | Personal-husvære | Kunst | Bil | Inventar kontorutst. | Utstyr | Bygnings-innreing | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kostpris 1.1. | 467 500 | - | 1 948 469 | 1 803 853 | 3 661 264 | 1 727 042 | 9 608 128 |
| Tilgang | | 80 000 | | 46 377 | 576 917 | 23 990 | 727 284 |
| Avgang | | | | | | | - |
| Kostpris 31.12. | 467 500 | 80 000 | 1 948 469 | 1 850 230 | 4 238 181 | 1 751 032 | 10 335 412 |
| Akk. avskrivingar 31.12. | | | 867 903 | 1 496 907 | 3 425 292 | 1 726 703 | 7 516 805 |
| **Balanseført verdi pr. 31.12.** | **467 500** | **80 000** | **1 080 566** | **353 324** | **812 889** | **24 329** | **2 818 606** |
| | | | | | | | |
| Avskrivingar i år | 0 | - | 141 386 | 181 292 | 248 332 | 5 249 | 576 259 |

## Note 2 Bundne midlar

| | I år | I fjor |
|---|---|---|
| **Bundne midlar per 31.12** | 709 722 | 596 514 |

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 1,5 mill.

## Note 3 Eigenkapital

| | Aksje-kapital | Annan eigenkapital | Sum |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital 31.12.11 | 100 000 | 1 652 199 | 1 752 199 |
| Resultat i år | | 892 058 | 892 058 |
| **Eigenkapital 31.12.12** | **100 000** | **2 544 257** | **2 644 257** |

## Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

**Oversikt over aksjonærane per 31.12.**

| Namn | Tal aksjar | Eigardel |
|---|---|---|
| Sogn og Fjordane Fylkeskommune | 8 | 80 % |
| Førde kommune | 2 | 20 % |
| **Totalt** | 10 | **100 %** |

## Note 5 Pensjon

Selskapet har ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan) som omfattar 20 tilsette. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.
Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Selskapet sine tilsette har i tillegg ein tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning (usikra ordning). Selskapet sine tilsette kan velje å gå av med AFP frå fylte 62 år. Forpliktelsen i følge ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga omfatter 20 tilsette. Det er ingen som har tatt ut AFP per 31.12.2014.
Dei tilsette har følgjande aldersfordeling:

| | |
|---|---|
| Under 30 år | 0 stk |
| Frå 30 til 40 år | 5 stk |
| Frå 40 til 50 år | 6 stk |
| Frå 50 til 64 år | 8 stk |
| Frå 64 til 70 | 1 stk |

| Netto pensjonskostnad i år kjem fram på følgjande måte: | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Utbetalte pensjoner frå selskapet | 0 | 0 |
| Premie gamal og ny AFP-ordning | 191 640 | 144 100 |
| Pensjonspremie til kollektiv ordning i år | 1 743 426 | 1 732 531 |
| Eigenandel pensjon tilsette | -210 082 | -207 135 |
| Tilbakebetaling av egenkapitaltilskudd til KLP forsikring | 0 | 0 |
| **Netto pensjonskostnad i år** | **1 724 984** | **1 669 496** |

Saldo på premiefond per 31.12.14 var kr 2.291.050

## Note 6 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

| Lønskostnader | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Løner og honorar | 16 098 780 | 14 704 549 |
| Arbeidsgjevaravgift | 1 776 608 | 1 601 954 |
| Pensjonskostnadar | 1 724 984 | 1 669 495 |
| Andre lønsrelaterte ytingar | 498 162 | 339 217 |
| Sum | 20 098 534 | 18 315 215 |

Antall årsverk har vore 25,8 (fast + engasjement/frilans m.m). Det har vore 18 fast tilsette samt 2 stillingar på åremål.

| Ytingar til leiande personar | Dagleg leiar | Styret |
|---|---|---|
| Løn | 731 502 | 50 870 |
| Pensjonsutgifter | 14 379 | |
| Anna godtgjersle | 55 577 | |

Dagleg leiar (teatersjef) er tilsett på åremål, og har avtale om 3 månaders løn etter avslutta arbeidsforhold. Åremålet går ut 31.12.15 og dagleg leiar sluttar på dette tidspunktet. Berekna etterlønn som kjem til utbetaling i januar-mars 2016 er sett av med kr 169.951 som skuldig løn, ref note 9. Avsetninga er basert på at det per 31.12.14 er vurdert påløpt 3/4 av kostnaden, resterande 1/4 vil bli kostnadsført i 2015. Det er tilsett ny teatersjef på åremål som tiltrer 01.01.16.

Pr 31.12.14 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styre leiar eller andre nærståande partar.

**Revisor**

Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret var kr 59.375, av dette er kr. 49.500 knytt til revisjon og resten til andre tenester. Beløpet er inkludert meirverdiavgift.

## Note 7 Spesifikasjon av driftstilskot

| | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Ordinært tilskot staten | 17 913 000 | 17 307 000 |
| Ordinært tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune | 5 757 000 | 5 562 964 |
| Ordinært tilskot Førde kommune | 1 919 252 | 1 854 322 |
| Sum | **25 589 252** | **24 724 286** |

I 2011 mottok SoFT tilskot på kr 400 000 til finansiering av kunstprosjektet "SoFT 2011". Det vart inntektsført kr 136.320 i 2013 i samsvar med framdrift på prosjektet. Prosjektet var avslutta per 31.12.2013

## Note 8 Andre fordringar

| | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Forskotsbetalte kostnader * | 835 567 | 103 617 |
| Krav på sjukepengar | 119 784 | 0 |
| Kortsiktig lån tilsette | 19 326 | 60 826 |
| Sum | 974 677 | 164 443 |

* SOFT inngjekk i 2014 eit samarbeid med den Nationale Scene (DNS) om å produsere stykket Vaffelhjarte av Maria Parr. Stykket vart produsert i samarbeid der SOFT dekkjer 40% av kostnadene og DNS dekkjer 60% av kostnadene i produksjonsperioden. Speleperiodane på dei respektive teater dekkjer teateret sjølv. Vaffelhjarte vart spelt ved DNS store scene hausten 2014 medan SOFT skal turnere stykket i Sogn og Fjordane i første halvår i 2015. SOFT har signert ei avtale med Den Kulturelle Skulesekken (DKS) om å sende stykket på turne på grunnskulen i Sogn og Fordane i januar, februar og mars 2015. Det er lagt opp til 2 opne forestillingar i perioden. I kontrakten med DKS er det avtalt eit fast honorar som SOFT får betalt for å reise rundt til skulane med forestillinga. Med bakgrunn i dette er SOFT sin andel av produksjonskostanden periodisert til 2015 og ført som forskuddsbetalt kostnad per 31.12.14 med kr 820.132

## Note 9 Anna kortsiktig gjeld

| | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Skuldig feripengar/ løn | 1 541 880 | 1 477 592 |
| Skuldig løn (ref note 6) | 169 951 | 0 |
| Påløpne kostnader | 195 847 | 156 989 |
| Sum | **1 907 678** | **1 634 581** |

## Note 10 Leigeavtalar

| | Leigeperioden opphøyrer | Kostnadsført husleige 2014 |
|---|---|---|
| Husleigeavtale | 01.01.2017 | 1 368 912 |

## Note 11 Kundefordringar

| | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Kundefordringar til pålydande 31.12. | 93 958 | 111 125 |
| Delkredereavsetning 31.12. | 0 | 0 |
| Opptjent inntekt | 6 082 | 35 932 |
| **Kundefordringar 31.12.** | **100 040** | **147 057** |

## Note 12 Pantsetjing

| | I år | I fjor |
|---|---|---|
| **Gjeld sikra med pant** | | |
| Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt) | 0 | 0 |
| **Sum gjeld sikra med pant 31.12.** | **0** | **0** |

**Balanseført verdi av pantsette eigedelar**

| | | |
|---|---|---|
| Varige driftsmidler | 467 500 | 467 500 |
| Kundefordringar | 100 040 | 147 057 |
| **Sum 31.12.** | **567 540** | **614 557** |

## Note 13 Spesifikasjon av anna salsinntekt

| | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Refusjon frå samarbeid med Kinnaspelet | 190 000 | 190 000 |
| Refusjon frå samarbeid med Hordaland Teater - "Kjærleikens Ferjereiser" | 1 200 000 | 0 |
| Inntekter frå utleige | 82 360 | 123 058 |
| Andre inntekter | 42 477 | 28 590 |
| Sum | **1 514 837** | **341 648** |

**Sogn og Fjordane Teater L/L**

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

| | | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| **Billett og programsal** | | | |
| 3010 | BILLETTAR HOVUDOPPS. | -1 368 869,00 | -799 140,00 |
| | | -1 368 869,00 | -799 140,00 |
| **Anna salsinntekt** | | | |
| 3210 | ANDRE INNTEKTER | -1 432 477,00 | -218 590,50 |
| 3270 | UTLEIGEINNT. LYS | -78 760,00 | -111 378,00 |
| 3272 | UTLEIGE KOSTYME | -3 600,00 | -4 680,00 |
| 3290 | LEIGEINNT PERSBUSTAD | 0,00 | -7 000,00 |
| | | -1 514 837,00 | -341 648,50 |
| **Driftstilskot** | | | |
| 3410 | ORD TILSKOT STATEN | -17 913 000,00 | -17 307 000,00 |
| 3420 | ORD TILSKOT FYLKET | -5 757 000,00 | -5 562 964,00 |
| 3430 | ORD TILSKOT KOMMUNEN | -1 919 252,00 | -1 854 322,00 |
| | | -25 589 252,00 | -24 724 286,00 |
| **Refusjon frå samarbeidspartnarar** | | | |
| 3490 | ANDRE OFF TILSKOT | 0,00 | -136 319,63 |
| | | 0,00 | -136 319,63 |
| **Materialkostnad** | | | |
| 5010 | DEKORASJONAR MATR. | 198 328,12 | 124 319,64 |
| 5020 | KOSTYMER KJØP O.L. | 83 943,77 | 137 008,49 |
| 5022 | KOSTYMER VEDLIKEH. | 35 422,50 | 31 747,00 |
| 5030 | REKVISITTER PROD. | 44 324,59 | 31 335,72 |
| 5035 | REKVISITTER TURNE | 10 482,66 | 2 956,29 |
| 5040 | FRISØR, SMINKE O.L. | 4 644,80 | 15 949,00 |
| 5050 | DIV. UTG. PRODUKSJON | 19 563,74 | 114 761,33 |
| 5120 | SCENEUTSTYR | 0,00 | 2 756,55 |
| 5122 | SCENEUTS SMÅKJ/VEDLH | 42 400,75 | 55 912,98 |
| 5125 | LYSUTSTYR | 82 276,65 | 54 504,56 |
| 5127 | LYSUTST SMÅKJ/VEDLH | 10 522,45 | 6 486,21 |
| 5135 | LYDUTSTYR | 37 433,94 | 25 358,59 |
| 5137 | LYDUTST SMÅKJ/VEDLH | 5 779,00 | 3 428,50 |
| 5140 | VERKSTADUTSTYR | 1 080,90 | 0,00 |
| 5142 | VERKSTAD SMÅKJ/VEDLH | 6 135,20 | 5 626,33 |
| 5144 | SVEISEVERKSTAD | 9 311,43 | 20 445,24 |
| 5147 | SYSTOVE SMÅKJ/DIV. | 14 459,20 | 8 943,51 |
| 5150 | DIVERSE UTSTYR | 17 150,54 | 7 942,62 |
| | | 623 260,24 | 649 482,56 |
| **Kostnad turne/oppsokjande verksemd** | | | |
| 6510 | TURNEBUSS | 76 884,97 | 111 182,61 |
| 6520 | DIV REISE/TRSP | 182 757,50 | 170 234,79 |
| 6540 | HOTELL TURNE | 438 199,00 | 508 126,50 |
| 6550 | HUSLEIGE TURNE | 268 412,00 | 217 736,50 |

## Sogn og Fjordane Teater L/L

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

| | | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| 6555 | Bærehjelper Turné AGA arrangør | 47 340,00 | 81 334,00 |
| 6559 | Billettavgift Billettservice | 84 887,00 | 24 160,98 |
| 6560 | ARRANGØRPROVISJON | 205 903,25 | 61 302,50 |
| 6590 | DIVERSE UTG. TURNE | 10 999,60 | 20 228,58 |
| 6591 | Kjøp av gjestespel | 176 000,00 | 0,00 |
| | | 1 491 383,32 | 1 194 306,46 |
| **Kostnad vedk. lokale** | | | |
| 6210 | FASTE HUSLEIGEUTG. | 1 203 912,00 | 1 203 912,00 |
| 6215 | ANDRE HUSLEIGEUTG. | 165 000,00 | 165 000,00 |
| 6220 | STRAUM LOKALE | 90 281,54 | 101 107,05 |
| 6230 | KOMMUNALE AVGIFTER | 13 272,00 | 12 573,00 |
| 6270 | REINHALD LOKALE | 29 363,34 | 39 110,26 |
| 6290 | DIV UTGIFTER LOKALE | 1 706,00 | 17 982,33 |
| | | 1 503 534,88 | 1 539 684,64 |
| **Lønskostnad** | | | |
| 4000 | LØNN | 10 584 096,80 | 10 118 866,30 |
| 4001 | HONORAR | 1 671 842,00 | 1 551 766,00 |
| 4002 | LØNN OVERTID | 292 283,40 | 304 645,60 |
| 4004 | HONORAR SJØLVS. NÆRING | 2 136 574,35 | 1 660 305,34 |
| 4310 | FERIEPENGAR | 1 542 006,63 | 1 471 839,08 |
| 4410 | HONORAR STYRET | 50 870,00 | 48 650,00 |
| 4451 | MIDDAGSPENGAR ADM. | 2 200,00 | 0,00 |
| 4460 | ARBKLÆR IKKJE OPPGPL | 10 220,00 | 12 600,00 |
| 4510 | ARBEIDGJ.AVG LØN | 1 611 945,72 | 1 440 139,41 |
| 4511 | AGA Bærehjelper Manuell | 0,00 | 1 600,00 |
| 4520 | ARBGAVG SKULD FERIEP | 163 452,81 | 156 015,30 |
| 4610 | REFUSJON SJUKEPENGAR | -383 313,00 | -529 526,00 |
| 4620 | LØNNSREF SAMARBPROSJ | 0,00 | 333 444,00 |
| 4630 | ANDRE LØNNSREFUSJ. | 0,00 | -255 440,75 |
| 4710 | PERSONALUTVIKLING | 42 983,00 | 3 930,00 |
| 4712 | PC TIL TILSETTE | 93 721,50 | 23 123,00 |
| 4715 | OPPL./UTVIKL.FOND | 3 954,00 | 3 118,00 |
| 4751 | DIV LEGE/MEDISINUTG | 314,60 | 4 096,00 |
| 4755 | BEDRIFTSHELSETJENESTE | 28 216,00 | 13 583,00 |
| 4760 | KANTINEUTGIFTER | 14 215,71 | 48 751,15 |
| 4770 | VELFERD PERSONALE | 44 880,00 | 26 479,00 |
| 4790 | PERSBUST EIGNE,LEIGE | 75 840,00 | 75 840,00 |
| 4792 | PERSBUST ELKRAFT | 38 850,93 | 49 385,82 |
| 4797 | PERSBUST DIV UTG | 137 136,05 | 39 310,05 |
| 4810 | PENSJONSPR U/ARBGAVG | 0,00 | 4 867,50 |
| 4811 | PENSJONSPR M/ARBGAVG | 1 533 343,97 | 1 520 527,50 |
| 4812 | PENSJONSPR AFP M/ARB | 191 640,00 | 144 100,00 |
| 4999 | PERIODISERING LØNNSKOSTNADAR | 202 220,22 | 0,00 |
| 5210 | EK tjenester Pliktig | 65 319,53 | 60 626,00 |

**Sogn og Fjordane Teater L/L**
RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

| | | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| 5240 | Rentefordel | 777,40 | 253,80 |
| 5250 | Forsikringer - Lønn/Personal | 1 790 719,00 | 1 679 775,00 |
| 5292 | EK. tjenester pliktig motkonto | -65 319,53 | -60 626,00 |
| 5295 | Forsikringer Lønn/Persn - MOTKONTO | -1 790 719,00 | -1 679 775,00 |
| 5298 | Motkonto Rentefordel | -777,40 | -253,80 |
| 5340 | Fast bilgodtgjersle | 7 839,70 | 39 000,00 |
| 5800 | REFUSJON TRYGDEETATEN | -242 669,00 | -693 294,00 |
| 5801 | MOTKONTO REFUSJON TRYGDEETATEN | 242 669,00 | 693 294,00 |
| 6552 | Manuell AGA - DIV honorar | 1 200,00 | 4 200,00 |
| | | 20 098 534,39 | 18 315 215,30 |

**Avskriving**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 7860 | AVSKR FAST BYGN.INV. | 576 259,00 | 527 395,00 |
| | | 576 259,00 | 527 395,00 |

**Annen driftskostnad**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 5110 | KONTORINVENTAR | 17 944,50 | 4 117,83 |
| 5115 | KONTORUTSTYR | 259,00 | 557,80 |
| 6010 | REVISJONSHONORAR | 59 375,00 | 102 160,00 |
| 6030 | LEIGD ARBEIDSHJELP | 79 208,90 | 3 572,00 |
| 6060 | RETTAR/AVGIFT MUSIKK | 40 186,00 | 8 144,52 |
| 6110 | ANNONSER FRAMSYNING. | 423 986,13 | 513 204,14 |
| 6115 | ANDRE SALGSANNONSER | 22 679,00 | 77 603,50 |
| 6120 | PROGRAM | 16 600,00 | 131 142,23 |
| 6125 | PLAKATAR | 80 353,85 | 31 950,35 |
| 6130 | GRAFISKE TJENESTER | 135 563,00 | 116 655,00 |
| 6135 | MEDIEOVERVÅKING | 169,50 | 1 416,25 |
| 6140 | FOTOGRAFERING | 58 125,00 | 25 278,00 |
| 6160 | INTERNETT | 63 804,00 | 86 820,75 |
| 6410 | KONTORREKVISITA | 18 192,34 | 13 989,34 |
| 6420 | TELEFON | 198 826,72 | 206 593,10 |
| 6425 | PORTO | 16 223,00 | 14 539,81 |
| 6440 | KOPIERINGSUTGIFTER | 3 366,62 | 1 908,53 |
| 6460 | VEDLIKEH KONTORMASK. | 0,00 | 4 126,62 |
| 6465 | VEDLIKEH DATAPROGRAM | 67 840,00 | 59 601,50 |
| 6470 | ANNONSER ADM. | 52 453,00 | 885,00 |
| 6480 | DIVERSE KONTORKOSTN. | 16 498,10 | 13 236,38 |
| 6490 | MØTEKOSTNADER | 12 220,00 | 4 906,50 |
| 6495 | ANDRE ADM.KOSTNADER | 38 807,00 | 35 465,00 |
| 6620 | GÅVER | 369,00 | 795,00 |
| 6630 | BLOMSTER, ARR. O.L. | 50 249,60 | 44 856,72 |
| 6650 | AVISER/TIDSSKR/BØKER | 13 358,66 | 9 396,11 |
| 6690 | DIV PRODUKSJONSKOSTN | 13 163,70 | 6 909,00 |
| 6710 | DIESEL/BENSIN/OLJE | 63 887,42 | 84 995,16 |
| 6720 | REP/VEDLIKEHALD BIL | 84 356,80 | 87 552,84 |
| 6730 | FORSIKRING/AVG. BIL | 62 392,00 | 54 781,00 |

## Sogn og Fjordane Teater L/L

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

| | | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| 6740 | ANDRE KOSTNADER | 30 896,60 | 221 907,78 |
| 6800 | DIETT | 568 572,00 | 606 356,00 |
| 6801 | BILETTER | 113 574,96 | 190 585,21 |
| 6802 | HOTELL/OVERNATTING | 49 233,00 | 46 599,96 |
| 6803 | Diett Sjølvstendig Næring | 64 573,00 | 35 863,00 |
| 6804 | Diett Tr. Pliktig | 61 305,00 | 35 040,00 |
| 6855 | PROD HOTELL/OVERN. | 267 613,00 | 160 721,00 |
| 6858 | FRIE HEIMREISER ALLE | 72 755,00 | 81 318,29 |
| 6859 | PROD REISE | 39 006,96 | 56 427,00 |
| 6895 | REF. REISER ADM. | 0,00 | 1 203,00 |
| 6910 | KONTINGENTAR | 149 109,50 | 130 938,00 |
| 6950 | FORSIKR INV./UTSTYR | 35 441,00 | 32 259,00 |
| 6960 | FORSIKRING PERSONAL | 36 278,00 | 49 276,00 |
| 7099 | Øredifferanse | -7,82 | -0,75 |
| 7100 | BILGODTGJERSLE | 147 868,50 | 92 512,55 |
| 7101 | Passasjertillegg | 8 252,00 | 6 303,40 |
| 7150 | DIETT UTLAND | 0,00 | 6 800,00 |
| 7810 | Tap på Krav | 1 590,00 | 8 320,00 |
| | | 3 356 518,54 | 3 509 589,42 |
| **Renteinntekt** | | | |
| 8010 | RENTEINNTEKTER BANK | -82 523,41 | -78 540,89 |
| 8040 | ANDRE RENTEINNTEKTER | -215,86 | -627,30 |
| | | -82 739,27 | -79 168,19 |
| **Rentekostnad** | | | |
| 8110 | RENTEKOSTNADER BANK | 1 998,63 | 0,00 |
| 8111 | BANKGEBYR | 11 847,05 | 12 191,00 |
| 8140 | ANDRE RENTEKOSTNADER | 302,83 | 550,26 |
| | | 14 148,51 | 12 741,26 |
| **Overført til annan eigenkapital** | | | |
| 8960 | AVSETT TIL ANNAN EGENKAPITAL | 892 058,39 | 332 147,68 |
| | | 892 058,39 | 332 147,68 |

## Sogn og Fjordane Teater L/L

BALANSE PR. 31.12.

| | | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| **Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom** | | | |
| 1160 | PERSONALBUSTADER | 467 500,00 | 467 500,00 |
| | | 467 500,00 | 467 500,00 |
| **Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.** | | | |
| 1230 | BIL M/HENGAR | 1 080 566,00 | 1 221 952,00 |
| 1250 | INVENTAR | 163 899,19 | 191 598,44 |
| 1260 | FAST BYGN.INVENTAR | 24 329,00 | 5 588,00 |
| 1270 | VERKTY O.L. | 812 889,18 | 484 304,88 |
| 1280 | KONTORMASKINER | 72 556,50 | 128 851,50 |
| 1290 | ANDRE DRIFTSMIDLAR | 116 867,19 | 167 788,19 |
| 1291 | Andre driftsmidler, ikkje avskrivbare | 80 000,00 | 0,00 |
| 1295 | AVSKRIVINGAR | -0,98 | -0,98 |
| | | 2 351 106,08 | 2 200 082,03 |
| **Kundefordringar** | | | |
| 1500 | KUNDEFORDRINGAR | 93 958,00 | 111 124,50 |
| 1770 | OPPTENT INNTEKT | 6 081,52 | 35 931,52 |
| | | 100 039,52 | 147 056,02 |
| **Andre fordringar** | | | |
| 1571 | REISEFORSKOT | 620,00 | 8 666,98 |
| 1575 | LØNNSFORSKOT | 0,00 | 81 501,66 |
| 1576 | KORTSIKTIG LÅN TILS. | 19 326,00 | 60 826,00 |
| 1680 | Krav på Sjukepengar | 119 784,00 | 0,00 |
| 1725 | FORSKOTSBETALTE KOSTNADER | 834 135,01 | 13 448,01 |
| 1790 | Andre fordringar | 812,00 | 0,00 |
| | | 974 677,01 | 164 442,65 |
| **Bankinnskot, kontantar o.l.** | | | |
| 1900 | KASSE | 27 542,00 | 718,50 |
| 1920 | BANK DRIFTSKONTO DNB | 2 101 734,77 | 1 439 696,18 |
| 1922 | POSTBANKEN/POSTGIRO | 1 603,57 | 1 603,57 |
| 1925 | BANK SPB SOGN OG FJ. | 245,48 | 1 395,48 |
| 1930 | FØRDE SAMYRKELAG | 4 426,92 | 4 211,06 |
| 1950 | BANK SKATTETREKK DNB | 709 722,49 | 596 514,09 |
| | | 2 845 275,23 | 2 044 138,88 |
| **Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)** | | | |
| 2000 | AKSJEKAPITAL | -100 000,00 | -100 000,00 |
| | | -100 000,00 | -100 000,00 |
| **Annan eigenkapital** | | | |
| 2050 | ANNA EIGENKAPITAL | -2 544 257,08 | -1 652 198,69 |
| | | -2 544 257,08 | -1 652 198,69 |

## Sogn og Fjordane Teater L/L

BALANSE PR. 31.12.

| | | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| **Udekka tap** | | | |
| 2080 | UDEKKA TAP | 0,05 | 0,05 |
| | | 0,05 | 0,05 |
| **Leverandørgjeld** | | | |
| 2400 | LEVERANDØRGJELD | -1 027 507,67 | -575 452,68 |
| | | -1 027 507,67 | -575 452,68 |
| **Skuldige offentlege avgifter** | | | |
| 2600 | FORSKOTTSTREKK SKATT | -640 869,60 | -538 696,60 |
| 2650 | TREKK FAGFOREININGSK | -710,70 | -710,70 |
| 2690 | ANDRE TREKK | 583,62 | -4 416,38 |
| 2770 | SKULDIG ARBGJ.AVGIFT | -354 717,05 | -360 536,16 |
| 2780 | PÅL. ARBGJAVG FERIEP | -163 441,40 | -156 626,76 |
| | | -1 159 155,13 | -1 060 986,60 |
| **Anna kortsiktig gjeld** | | | |
| 2910 | KURSFOND SKODESP | 0,00 | -88 847,00 |
| 2916 | Minnegåve Grønnskag | 6 517,00 | 6 517,00 |
| 2930 | SKULDIG LØN | -169 951,22 | 0,00 |
| 2940 | SKULDIGE FERIEPENGAR UTBETALT | 126,49 | -1 477 592,48 |
| 2945 | Skyldige feriepengar avsatt | -1 542 006,63 | 0,00 |
| 2960 | PÅLØPNE KOSTNADER | -202 363,65 | -74 659,18 |
| | | -1 907 678,01 | -1 634 581,66 |

pwc

Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater L/L

# Melding frå revisor

## Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Teater L/L, som viser eit overskot på kr 892 058. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordane Teater L/L per 31. desember 2014, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

*PricewaterhouseCoopers AS, Naustdalsvegen. 1B, NO-6800 Førde*
*T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA,* www.pwc.no
*Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap*

## Fråsegn om andre tilhøve

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 5. mai 2015
**PricewaterhouseCoopers AS**

Jan Flølo
Statsautorisert revisor